



Arkivnr: 2017/3152-3

Saksbehandlar: Inge Edvardsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

## Utgreiing om og plan for etablering av fasilitetar for bussjåførar

### Samandrag

I denne saka ver det lagt fram forslag om å etablere 25 nye sjåførfasilitetar rundt i fylket over ein fireårs periode. Det er vurdert til at dette vil ha ein totalkostnad på rundt 20 mill. Det vert lagt til grunn at fylkeskommunen skal ta ansvar for å etablere fasilitetane, men at operatørane som Skysst har kontrakt med vert pålagt å stå for drifta av fasilitetane. Kostnadane for å etablere fasilitetane blir lagt inn i dei årlege fylkesbudsjetta. I dag er det etablert 29 sjåførfasilitetar i fylket som vert drifta av fylkeskommunen.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til forslaget om å etablere 25 nye sjåførfasilitetar rundt i fylket over ein fireårs periode, og legg til grunn at dette blir finansert over dei årlege fylkesbudsjetta.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Notat om sjåførfasilitetar Hordaland
- 2 Eksisterande sjåførfasilitetar i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 17.08.2017**

## Bakgrunn for saka

Formålet med denne saka er å gi eit så godt som mogeleg fagleg grunnlag for etablering og utplassering av sjåførfasilitetar i Hordaland, basert på innmeldte behov, rutestruktur samt kontrakts- og driftsmessige tilhøve.

Det blir vist til spørsmål i utval for miljø og samferdsels 1. desember 2016, frå Rasmus Laupsa Rasmussen (A): «Viser til ulike oppslag i media, og tidlige spørsmål og diskusjon i utvalget, vedrørende de sanitære forholdene for bussjåførene i Hordaland. Hva gjøres for å bedre situasjonen?»

Fylkesutvalet gjorde 8. desember 2016 følgjende vedtak: «Ber om at administrasjonen kommer tilbake med sak, så snart som mulig, om konkrete tiltak for bedring av sjåførenes sanitære forhold.» Bakgrunnen for vedtaka var «Åpent brev til fylkestinget i Hordaland vedr toalettforholdene til bussjåførene», RS 187/16.

## Dagens situasjon og ansvarstilhøve

Fylkeskommunen gjennom eigeomsavdelinga har per i dag ansvar for drift og vedlikehald av totalt 29 toalettfasilitetar for bussjåførar i fylket, 25 av desse er innafør Bergen kommune. Alle desse toaletta er av god kvalitet, de fleste er faste bygg med opphaldsrom og toalett, men det finst nokre toalettvogner. Toaletta her er vanlige vassklosett, dei som ikkje er kopla til det offentlege avløpsnettlet vert tømde 2 gonger i veka. Reingjering skjer endå oftare. På større kollektivknutepunkt og terminalar er det i all hovudsak bygd ut gode fasilitetar for sjåførane.

Alle andre toalettfasilitetar for bussjåførane er operatørane sitt ansvar og regulert i avtale mellom Skyss og operatørane.

## Vurderingar av behov

Som ein første fase i arbeidet vart det gjort eit internt arbeid i fylkesadministrasjonen der ein skaffa seg oversyn over dagens fasilitetar og driftstilhøva på desse. Skyss har orientert om arbeidet med sjåførfasilitetar på møte i dialogfo-rom for buss. Verneomboda har delteke i desse møta. Operatørane har og blitt oppmoda om å spele inn behov for fasilitetar i samråd med tilsette og verneombod. Ein ekstern konsulent nytta så desse innspela og heldt dei opp mot rutestrukturen i heile fylket inkludert haldeplassar og endehaldeplassar. I utgreinga har konsulenten gått gjennom linje for linje innafør Bergen og elles i fylket, og vurdert korleis bussane betener linjene og ut frå dette sett på om det er behov for sjåførfasilitetar. Konsulenten tilrår oppgradering av fasilitetane på desse stadene i Bergen: Starefossen, Barliveien, Melkeplassen, Oasen, Åsane terminal, Arna terminal og Loddefjord terminal. Det vert sett behov for nye fasilitetar i: Fridalen og Klauvaneset. I regiontrafikken er det skilt mellom der det er meldt inn behov: Haus, Vale-strand, Gullbrå, Bergsdalen, Romarheim, Storebø og Bekkjarvik. Der tiltak bør vurderast: Forland kai, Hellesøy, Herdla og Kleppstø. Til sist der tiltak bør settast i verk: Andvik, Austmarka, Hjartås, Rossnes kai, Rødland og Skjelanger. Denne utgreinga med tilrådingane er vedlagt saka.

Skyss har saman med eigeomsavdelinga og samferdselsavdelinga vurdert tilrådingane i konsulentrapporten. Med bakgrunn i dei innmeldte behova, lokalkunnskap, kjennskap til rutestrukturen, kontrakts-, og driftsmessige tilhøve konkludert med at det er behov for å investere i:

- 16 faste installasjonar, som inneheld 2 toalett og opphaldsrom. Pris ferdig installert ca. kr. 1 mill. inkl. moms per stykk. Desse krev tilkopling til vatn/avlau og straum.
- 9 toalettvogner, som inneheld 2 toalett, tankrom og teknisk rom. Pris ferdig installert ca. kr. 300.000 per stykk. Desse krev tilkopling til straum, og vert tømmt med septikbil.

Totalkostnaden for 25 einingar vert omlag kr. 20 mill.

På følgjande lokalitetar er det vurdert som naudsynt og hensiktsmessig å etablere toalettfasilitetar for bussjåførane, med faste eller mobile toalettvogner.

Faste installasjonar, med 2 toalett(WC) og opphaldsrom:

Byparken  
 Slettebakken  
 Fridalen  
 Barliveien  
 Flaktveit  
 Øvre Kråkenes  
 Gravdal  
 Arna terminal  
 Loddefjord  
 Herdla  
 Ravnanger  
 Granvin  
 Austevoll (Bekkjarvik eller Storebø)  
 Haus  
 Valestrand  
 Ådland (Stord)

Mobile toalettvogner, med 2 toalett(WC). Må tømmast med septikbil:

Forland kai  
 Hanevik  
 Hellesøy  
 Hetlevik  
 Andvik  
 Hjartås  
 Rossnes kai  
 Rødland  
 Skjelanger kai

### **Drift av anlegga**

Det vert lagt til grunna at fylkeskommunen skal syte for etablering og tyngre vedlikehald av desse fasilitetane. Og at operatørane som Skyss har kontrakt med står for den daglege drifta og reinhald av fasilitetane. Fylkesrådmannen støttar seg her òg på synspunktet til verneomboda i brevet til fylkestinget 24.11.2016: «det er rimelig at operatørselskapa får ansvar for drift at anlegga,...» I dialogforum i mars 2015 uttalte NHO Transport Hordaland at: «...det kan bygges standardmoduler i regi av oppdragsgiver, og at driftsansvaret legges på operatør. Knutepunkter og områder som betjenes av flere operatører må håndteres særskilt.»

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen tilrår at det vert lagt opp til å differensiere mellom faste installasjonar og toalettvogner av god kva-litet. Denne differensieringa i kvalitet på fasilitetane vil vere avhengig av rutefrekvens, rutestruktur og om dette er stamruter.

Det er gjennom foreløpige undersøkingane avdekkja følgjande behov: 16 faste installasjonar, som inneheld 2 toalett og opphaldsrom. Pris ferdig installert ca. kr. 1 mill. inkl. moms per stykk. 9 toalettvogner, som inneheld 2 toalett, tan-krom og teknisk rom. Pris ferdig installert ca. kr. 300.000 per stykk. Totalkostnaden for 25 einingar vert ca. kr. 20 mill.

Det kan og vere aktuelt å inngå leigeavtalar om toalettfasilitetar, der dette er vurdert til å vere meir hensiktsmessig enn å etablere nye anlegg. Før man får etablert faste installasjonar kan det og vere aktuelt å etablere mellombelse anlegg. Det har vore arbeid med å etablere fasilitetar for bussjåførane gjennom

arbeidet med kollektivinfrastruktur, men fleire av stadene der det no på nytt er avdekka behov har det vore utfordrande å etablere fasilitetar t.d. Byparken og Loddefjord.

Fylkesrådmannen meiner det er realistisk å gjennomføre forslaget om 25 nye sjåførfasilitetar over ein fireårs periode, og vil starte med å få på plass fasilitetar så snart det er praktisk mogeleg allereie i 2017. Det blir lagt opp til å auke den årlege løyvinga med kr. 5 mill. for å realisere forslaget, der dei resterande 2 mill. vert sett av til vedlikehald av fasilitetane. Løyvinga i 2017 er på kr. 2 mill. Finansiering av forslaget vil skje over dei årlege fylkesbudsjetta frå 2018 og framover. Fylkesrådmannen vil prioritere arbeidet med å etablere sjåførfasilitetar i fylket i åra framover.